

Kjempefrott innsats av alle laga i Norway Cup.

29.07.2014



G-14 laget vann også andre kamp. Dei slo Keflavik frå Island 4 - 0.

Rosendal turnlag melder på nettsida si, <http://www.rosendal-turnlag.no/>, at dei er svært fornøgd med opphaldet under Norway Cup så langt. Sosialt har dei hatt det kjempefrott, og alle laga har gjor det svært godt sportsleg. Alle laga har no spela 2 innleiingskampar, og før dagens kampar, tirsdag, er status for dei ulike laga følgjande:

G13 er klare for A-sluttspel og spelar puljefinale i dag.

G14 er klare for A-sluttspel og spelar puljefinale i dag.

J15/16 kan nå A-sluttspel med siger i dag.

G16-2 er klare for A-sluttspel og vert puljevinnar med siger i dag.

G16-1 tabellen er ikkje heilt oppdatert enno, men vinn dei i dag kan truleg dei og nå A-sluttspel
Juniorlaget er klare for A-sluttspel og klarar seg med uavgjort når dei spelar puljefinale i dag.

Dermed er 4 av laga allereie klare for A-sluttspel, medan dei 2 resterande laga kan klara det med gode resultat i dagens kampar. Fleire puljesigrar er og innan rekkevidde. Det vert ein ny spennande dag, og vi minner om at vi kan følgje utviklinga i kampane på dei gode live-oppdateringane på turnlaget si facebook-side, <https://www.facebook.com/pages/Rosendal-Turnlag/153027638086804?ref=ts>.

Vi ønskjer alle laga lukke til vidare i turneringa.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Kjell Erik Taranger.